

# Årsmelding Spjelkavik sokn 2021

Inkludert årsregnskapet



**Årsmøte 27. mars 2022 kl. 1230  
I Kyrkjelydssalen**

## Årsmelding for Spjelkavik sokneråd 2021

Spjelkavik sokn har cirka 17.500 medlemmer , dette medfører at Spjelkavik fortsatt er Noregs største sokn!

Spjelkavik sokn femner om austre del av Ålesund kommune. Soknet vart skilt ut frå Borgund 1. juli 1977. Spjelkavik kyrkje vart vigsla i oktober 1987.

Handel er ein viktig næringsveg i dette området. Spjelkavik kyrkje er næraste nabo til Amfi Moa, eit av landets største kjøpesenter. Det er også industri i soknet, og det er enno noko jordbruk i indre del av soknet.

Soknet fell naturleg i to delar: I den ytre delen ligg Lerstad, Åse, Furmyr, Olsvik, Moa og Spjelkavik. I den indre delen ligg Blindheim, Flisnes, Emblem og øyane Tørla og Humla.

Bustadbygging og stor tilflytting gjennom mange år gjer at store delar av soknet fungerer som ein drabantby til Ålesund. Samstundes vert meir av lokalsamfunnet sine nære relasjonar oppretthalde av dei som har høyrte til her eller har røter som går attende til tida før den store utbygginga starta.

Det er 23 barnehagar, 6 barneskular, 2 offentlege og 1 privat ungdomsskule, 2 vidaregåande skular og 1 folkehøgskule innanfor soknet sine grenser.

### **Soknerådet:**

Soknerådet har 9 faste medlem inkludert soknepresten. I tillegg kjem 5 vararepresentantar:

### **Soknerådet:**

Jon Inge Lervåg  
Trude Løvoll Ødegaard  
Knut Bjune  
Bjarte Hove  
Rigmor Andersen Eide  
Odd Arne Skogen  
Bernt Laurits Skjong  
Lovise Sømme Strand  
Kristin Grepstad Mørkeseth  
Christina Margarete Duwe

Leiar  
Nestleiar  
Sokneprest (til 1. juli)  
Fungerande sokneprest (frå august)  
Medlem i Ålesund kyrkjelege fellesråd

### **Vara:**

Ragnhild Holen Relling  
Kjell Aas  
Oliver Mikal Hanken  
Inger Sofie Heggland  
Lidvar Svein Flydal

Soknerådet har hatt 11 møter og handsama 43 saker i 2021.

Arbeidsutvalet (AU) har denne samansettinga: leiar, nestleiar, sokneprest og dagleg leiar. Dagleg leiar er sakshandsamar og sekretær for soknerådet.

## **Viktige og store saker for soknerådet gjennom 2021:**

- **Strategiarbeid på Hatlehol**

Strategiarbeidet blei starta opp hausten 2021. Der blei gjennomført 3 kyrkjelydsmøter, 2 visjons- og verdiverkstader, samt eit komitéarbeid knytt til visjon. Arbeidet blei fullført frå Kyrkjelydsutvalet si side i starten av mars 2022, ein månad forseinka som følgje av korona. Den føreslåtte strategien teiknar opp verdiar samt retning for arbeidet, gjennom ein ny visjon. Ein har også strukturert arbeidet i fleire område, t.d. Gudstenestearbeidet, Trusopplæring osv. Områda er delt inn i tema med sine tiltak. Strategidokumentet blei vedteke i Kyrkjelydsutvalet 3. mars.

- **Frivilligheit**

Dei frivillige er ein stor ressurs i kyrkjelyden. Soknerådet har starta drøftingar kor en ønskjer å sjå på bruken av dei frivillige og korleis denne ressursen kan nyttas til fulle. 2022 er frivilligheitas år og soknerådet ønskjer kome lengre i korleis vi brukar dei frivillige. Det er viktig at også staben deltek i desse drøftingane og det planlegges fellesmøte mellom stab og sokneråd.

- **Covid-19 pandemien**

2021 blei eit utfordrande korona-år som året før. Tiltak og avgrensingar har vært av og på gjennom heile året på forskjellige nivå og kyrkjelyden har tilpassa seg nye reglar og smittevernveiledarar gong etter gong. Dette har staben løyst på en framifrå måte og drevet arbeid innan gjeldande reglement. Eit døme på å få det til: Det blei gjennomført 18 konfirmantgudstenester i 2021 både på våren og hausten, slik fekk alle konfirmantar og familiar ei god oppleving på den store dagen trass korona-restriksjonar.

- **Opparbeiding av digital kompetanse**

Pandemien har også hatt ein positiv effekt, staben har de to siste åra opparbeide seg ein digital kompetanse på å filme gudstenester, kor og innhald retta mot born. Når ein ikkje kan komme til kyrkja har vi kome ut i dei digitale kanalane. Vi har fått støtte-midlar og kjøpt inn mykje godt utstyr og mange i

staben har lært seg filming, lyd og redigering. Blant anna blei alle konfirmantgudstenestane våren 2021 strauma, slik at dei som ikkje kunne være i kyrkja kunne sjå straumen på kyrkjelydens Youtube-kanal. Nå gjeld det å ta i bruk denne kompetansen å bruke den vidare også etter pandemien.

- **Tilsetting av ny sokneprest**

Soknerådet har vært involvert i arbeidet med å få på plass ny sokneprest etter Knut Bjune som blei pensjonist i sommar. Gjennom innspel på utlysingstekst, intervjuar og uttale. Soknerådet er glad for at Anders Grytten tar til som sokneprest i januar 2022.

- **Nye kyrkjetenar**

Solrun Teigen Berstad slutta som kyrkjetenar i sommar. Inn kom Geir Flåm. Geir har bakgrunn frå bilfaga og vi nyter allereie godt av ein som både har praktisk sans og har eit ønskje om å bidra i kyrkjelivet. Soknerådet er glad vi nok ein gong har fått på plass ein kompetent medarbeidar i det viktige arbeidet kyrkjetenaren utfører.

- **Hatlehol kyrkje, ikkje inne i Ålesunds økonomiplan dei neste åra**

I haustens budsjettbehandlingar i Ålesund kommunestyre blei nok ein gong ny kyrkje på Hatlehol utsett og det er lett å miste motet. Når får vi ei kyrkje for indre bydel? Kva som kan gjerast vidare må sokneråd og plan- og finansutvalet for Hatlehol drøfte i lag.

- **Revidering av lokal gudstenesteordning**

Arbeidet med revidering av den lokale gudstenesteordninga blei avslutta i 2021. Soknerådet vedtok den reviderte lokale grunnordninga på sitt møte den 20. april etter at eit soknemøte vart gjennomført med dette som tema 18. april. Den lokale grunnordning er vedlagt årsmeldinga.

# Kyrkjelyden

## Medarbeidarar

### Tilsette:

Prestane får si løn av Møre bispedøme, andre tilsette blir lønna av Ålesund kyrkjelege fellestråd.

Namn	Stilling		Merknad
Knut Bjune	Sokneprest	100 %	Ut juli
Bjarte Hove	Kapellan	100 %	Fung. Sokneprest frå august
Anders Barstad	Kapellan	100 %	
Hans Roar Aas	Dagleg leiar	100 %	
Solrun T. Berstad	Kyrkjetenar	80 %	Til august
Geir Flåm	Kyrkjetenar	80 %	Frå august
Ane Rypdal	Kantor	100 %	
Arvid Havåg	Organist	25 %	Ut juli
Aud Romslo Schistad	Diakon	60 %	
Åsrun Håvik	Diakon	30 %	
Jon Ivar Tønnesen	Kateket	100 %	
Kathinka R. Møller	Kyrkjelydspedagog	100 %	
Sølvi Irene Ulvestad	Kateket i trusopplæringa	100 %	
Marie Hellevik	Frivilligkoordinator	20%	Ut september
Ragnhild Eide Akslen	Dirigent / korleiar	15%	
Atle Myklebust	Kyrkjetenar	Timeløna	
Ketil Hjelset	Kyrkjetenar	Timeløna	
Jens Oscar Vinje	Kyrkjetenar	Timeløna	På Ålesund folkehøgskole
Jan Ketil Vinnes	Kyrkjetenar	Timeløna	På Ålesund folkehøgskole
Benjamin Møller	Kyrkjetenar	Timeløna	
Johan Grytten	Diakoni / musikk	Timeløna	Løna av soknerådet
Siri Sætremyr	Diakoni	Timeløna	Løna av soknerådet

## Frivillige:

Svært mange frivillige hjelper til i de forskjellige deler av kyrkjelydsarbeidet slik at eit høgt aktivitetsnivå kan oppretthaldast. Årsstatistikk for Den norske kyrkje 2021 gir Spjelkavik kyrkjelyd disse tala:

Planlegging og gjennomføring av gudstenester:	171 personar.
Barnearbeid / trusopplæringstiltak i kyrkjelyden	28 personar.
Det diakonale arbeidet i kyrkjelyden:	85 personar.
Kyrkjelydens kultur- og konsertarrangement	42 personar
Komité- og utvalsarbeid:	67 personar.
Anna arbeid, dugnads- og anna kyrkjelydsarbeid:	50 personar.

Korleis tel vi? Statistisk sentralbyrå har følgande rettleiing:

*Ein skal ta med frivillige medarbeidarar (ta med personar som fylte 15 år i statistikkåret) som har vore engasjerte gjennom året, uavhengig av tidsrom eller mengd arbeid som er utført av dei frivillige. Ein og same person kan førast på fleire av aktivitetane, men blir tald berre ein gong innanfor kvart felt.*

## Utfordringar for Spjelkavik sokneråd framover:

- Ha fokus på moglegheiter og godt arbeid på Hatlehol trass nok ei utsetjing for ny kyrkje.
- Å få i gang aktivitetar og god oppslutning om desse når pandemien går mot slutten.
- Vidareføre og utvide arbeidet med gudstenestegrupper i Spjelkavik kyrkje.
- Ny organisering i fellesrådet pga økonomiske nedskjeringar. Sokneråd og stab må planlegge arbeidet utan ein dagleg leiar i Spjelkavik sokn.
- Prøve å få fleire dagar med søndagsskule i Spjelkavik.
- Fleire unge og barnefamiliar inn i gudstenestelivet.
- Å utarbeide ein heilskapleg plan for kva vi vil med kyrkjelyden vår og korleis vi kjem dit.
- Utvikle ungdomsdiakoni arbeidet.

## Til sist

Spjelkavik kyrkjelyd sin visjon er: Nær Gud – nær menneske

Når denne helsing til Spjelkavik kyrkjelyd sin årsmelding vert skreve, står vi midt i to ekstraordinære utfordringar. På kvar sin måte gjer begge noko med oss som einskild individ, som kyrkjelyd, som samfunn, som nasjon og som internasjonalt samfunn. Ein

totalitær stat har invadert eit demokratisk land – og ein liten «usynleg sak» er direkte årsak til millionar av dødsfall og indirekte til enda fleire. Desse to utfordringane og konsekvensane vil følge oss i tida som kjem. Vi kan ikkje leve som ingen ting har skjedd.

Visjonen vår: nær Gud – nær menneske! motiverer oss. Vi trur på ein Gud som er nær og som ser og kjenner oss. Å vere nær Gud er noko vi er. Det er ein tilstand som vi kan kvile i. Som kyrkjelyd er vi eit fellesskap av levande steinar - Kristi lekam på jord – føter, hender, auge, øre, munn.... Trua på ein nærverande Gud kallar oss difor til å komme vår neste i møte. Det diakonale aspektet er sjølve oppdraget og alt det andre er verktøy.

Ein konsekvens av «Den usynlege saken» har vore at vi har hatt påmelding til gudstenester – restriksjonar på tilgang til vårt eige hus. Alle skjønar kvifor. Men det strir imot det kyrkja symboliserer. Jesu siste ord på krossen skal ha vore: «Det er fullbrakt!» og forhenget i tempelet rivna ovanifrå og ned. Vegen inn til Det høgheilage vart opna. For oss betyr det at vegen fram til alteret er open og der er plass til alle. Der er ikkje restriksjonar eller spørsmål. I nåde vert vi alle helst velkommen – av nåde er vi nær Gud – det er ikkje vår fortjeneste. I fred vert vi sendt ut til å tene Herren med glede – til å vere levande steinar i teneste for vår neste – nær og fjern. Det er å vere kyrkjelyd. Eit pulserande og aktivt liv der det er fellesskap og oppgåver til alle – noko denne årsmeldinga viser klart og tydeleg. Stor takk til kvar og ein som tek del i det rike arbeidet vonleg til glede både for seg sjølv og andre !

Odd Arne Skogen

Kristin Grepstad Mørkeseth

Christina Duwe

Jon Inge Lervåg

Trude Løvoll Ødegaard

Lovise Sømme Strand

Rigmor Andersen Eide

Ragnhild Holen Relling

Anders Grytten

Hans Roar Aas

# Vedlegg til årsmeldinga

## Årsmelding for Diakoniarbeidet i Spjelkavik kyrkjelyd , 2021

Diakoniutvalet 2020:

Medlemmer:

Vigdis Vartdal

Marianne Baarholm

Torill Alnes

Siri Bergh Sætremyr

Odd Arne Skogen

Åsrún Håvik

Aud Romslo Schistad

Tilsette: Vi er no to tilsette i diakoniarbeidet i Spjelkavik.

Åsrún Håvik : Er tilsett i 30% stilling. Åsrún har ansvaret for Kyrkjeklubben, Keltisk kveldsbøn, Samtaletid på Blindheim omsorgsenter. Ho samarbeider med Aud på ulike tiltak som : Stille dag og sorgsamlingar, og ulike utvals-og planleggingsmøte. Vi har lagt opp til at Åsrún skal bli kjent med arbeidet og kan gå inn i det når Aud sluttar. Aud Romslo Schistad: 60% stilling. Sluttar 1.aug.2022.

**Året 2021** starta med at mykje av arbeid og aktivitet i kyrkja var nedstengt på grunn av korona. Å vurdere kva som har vore trygt nok og kva som har vore lov å gjere, har til tider vore strevsamt, likeså raske skifte. Fare for smitte har blitt vurdert opp mot behovet for t.d. besøk. Dei heilt små samlingane har vore lov. Heldigvis har det gått bra .

Når vi så har kunna samlast , har vi prøvt å kome i gang igjen så snart som muleg, då med godt smittevern. Dette har ført til ein del ekstraarbeid for våre frivillige ved t.d. matservering. Men alle har stått på, vore positive, og slik har vi fått til gode og trygge samlingar. Fleire gonger har arrangement vore annonserte, men avlyste. Heldigvis har det vore stor forståing kvifor alt har blitt slik det har blitt.

**Open kyrkje** med stille tid, tekstlesing, bøn, lystenning og musikk vart gjennomført i fastetida. Dette er samlingar for dei mindre gruppene, men vi trur denne arbeidsforma er tenleg i tider som dei vi har vore gjennom. I påska vart det open kyrkje i staden for gudstenester skjærtorsdag, langfredag og 1.påskedag. Vi fekk då til eit samarbeid med organist, prest og diakon. Måndagar i adventstid var det, i samarbeid med kvar dagspresten, høve til bøn, lystenning og samtale i open kyrkje. Julaftan hadde vi også open kyrkje. Det betydde at fleire kunne kome til kyrkja denne dagen. Ordinært frammøte var 50 på kvar gudsteneste. 1.juledag var det to gudstenester. Sjølv om det er mykje aktivitet i kyrkja, er kyrkjerommet ofte ope på kvardagar, for dei som ynskjer å gå inn.

10-årsmarkering den 22. juli var med open kyrkje i Spjelkavik. Det var mange som nytta seg av tilbodet. Ute var det song og talar ved minnesmerket. Det vart servert kaffi. Dette var i samarbeid med Ålesund kommune og Borgund menighet

**Søndagsbrev.** Vi sende vi ut brev til dei som vanlegvis går på 12-treff med tekstar og bønner til ulike søndagar gjennom våren. Vi har også tatt med informasjon som kunne vere viktig, dessutan korleis ein kan kome i kontakt med tilsette i kyrkja.

Gjennom året er vi på ein del husbesøk, og vi har samtalar på kontoret.

**Andaktar på sjukeheimane.** Det er faste andaktar på alle aldersinstitusjonane i soknet, også på Moa aldersboliger og Blindheim bokollektiv. Dei starta opp igjen i slutten av april etter full nedstenging. Men då vi først fekk kome tilbake, var dei stabilt på plass resten av året. Institusjonane har kome med ønskje at andaktar måtte vere der for bebuarane i denne vanskelege tida, også når andre besøk ikkje var muleg. Hyggetreff på Moa aldersboliger hadde vi heile haustsemesteret.

**Samtaletid på Blindheim omsorgssenter.** I tillegg til andakt annankvar tysdag har det vore samtaletilbod annankvar onsdag. Også tilbodet til pleiarane med «pusterom/kvilepuls» er blitt gjennomført omlag ein gang per måned.

### **Torsdagskveld i kyrkja**

Det vart formidla ein serie med bibeltimar direkte til dei som går på Torsdagskveld i kyrkja, (Filipparbrevet) i vårsemesteret.

I april fekk vi ha Torsdagskveld i kyrkja for første gong dette året der vi leste påsketekstar.

Høstsemesteret gjennomførte vi stort sett etter planen. Vi hadde besøk frå Åpne dører, foredrag om Hans Nilsen Hauge, glimt frå Armenia, og vi gjekk gjennom Paulus sine misjonsreiser.

Torsdagskveld i kyrkja er undervisning for vaksne med bibeltimar og temakveldar. Her er det sosiale viktig, men det er også vekt på mange ulike tema, bibelske, historiske, så vel som misjon og fokus på søsterkyrkjer i andre delar av verda, og viktige mellommenneskelege aspekt. Vi avsluttar alltid med kveldsmåltid..

**12-treff** Vi hadde 12-treff i slutten av mai for første gong i 2021, eit opplegg med vår- og sommarsalmar. Høstsemesteret begynte godt med seniortur til Brusdalsheimen i september. Ca 30 møtte fram. Solveig Aksnes fortalde om Anders Hovden. Elles kunne vi ha 12-treff etter fastlagt plan heile høsten. Vi har merka noko nedgang av frammøtte. Fleire har vore redde for å samlast.

**Keltisk kveldsbøn** vart gjennomført med seks samlingar i 2021. Ei av desse samlingane var digital innspeling.

**Kyrkjeklubben** har hatt ti samlingar i 2021: fire samlingar vår og seks samlingar haust. Det vart tur til Brusdalsheimen i juni ,og i desember vart det servert juletallerken i kyrkjekjellaren.

**Formiddagsgudsteneste.** Kvar første onsdag i månaden er det formiddagsgudsteneste med felles lunch etterpå. Desse gudstenestene har kateket, diakon og trusopplærar spesielt ansvar for i samarbeid med prest. Mange set pris på desse gudstenestene.

**Allehelgensaftan** hadde vi minnegudsteneste, som vanleg med godt frammøte.

**Sorgsamling.** Det har vore to sorgsamlingar dette året. Samlingar for etterlatte, i juni og i november der vi snakkar saman om det å miste eit menneske som sto ein nær. Vi har gode erfaringar med desse samlingane.

### **Livet i kyrkjelyden.**

Dette året kunne vi ikkje ha Stille dag slik vi brukar i februar. Torskemiddag, Skjærtorsdagssamling, og ulike andre samlingar måtte også avlysast.

Korleis tek vi pulsen på arbeidet i Spjelkavik kyrkjelyd etter korona? Korleis er frammøte til gudstenester, kyrkjekaffi, andre samlingar? Er det mange vi ikkje ser som brukte å gå fast? Mykje av det sosiale livet i kyrkja vår har vore på og av denne tida. Det betyr at vi heller ikkje har vore saman slik som før og lytta til Guds ord.

Tenkjer vi at dette vil kome på plass av segsjølv? Det er viktig at vi tek det på alvor og prøver å tenkje ei styrking av kyrkjelyden i tida framover. Vi fekk midlar til dette i høst då vi trudde vi var over det verste. No kan vi vere saman, og slik ta vare på kvarandre, bry oss om kvarandre, møtast, inkludere i dei mindre fellesskapa. Kanskje

må vi leite etter fleire frivillige til det vi ønskjer få til, drøfte ulike type arbeid osv.

Kanskje er det nokon som har lyst å starte noko nytt. Korleis blir dei høyrte ?

På Hatlehol er det også eit stort diakonalt arbeid som blir organisert i samarbeid med ansvarleg prest. Kyrkjekaffi, kyrkjemiddag, basar, fellesskapsgrupper og «Heime på Hatlehol» er gledelege tiltak her. Mange gode medarbeidarar har hand om dette arbeidet. Det er eit ønskje om noko større stabsressurs til indre bydel. Det kan vere både diakon og trusopplærar, kanskje eit samarbeid kan vere tenleg her.

I lengre tid har det blitt sagt over høgtalar på kjøpesentra: Ta vare på kvarandre. Vi må halde fram med det. Vi får eit diakonskifte i 2022. Det er ikkje sikkert alt det diakonale arbeidet blir vidareført slik det har vore. Tider og arbeidsformer endrar seg. Det viktige er at vi er bevisst på kva vi vil og korleis vi kan vere kyrkje i Spjelkavik kyrkjelyd med omsorg for ulike menneske og aldersgrupper.

### **Takk til alle gode medarbeidarar**

Diakoniutval, seniorutval og planleggingsgruppa for Torsdagskveld i kyrkja er tre fora der vi planlegg diakoniarbeidet. Dei fleste er også med i gjennomføringa av ulike tiltak. Diakoniarbeidet krev at mange tek del, og ein kan finne sin plass kanskje i arbeid ein er spesielt interessert i.

Keltisk kveldsbøn har ei stor medarbeidargruppe. Her går musikk- og songglede hand i hand med stillheit, og formidling av Guds ord i tekst, bønner og refleksjonar. Vi har også nokre faste, gode medarbeidarar som legg ned eit stort arbeid for å få gjennomført andaktar på aldersinstitusjonane.

Likeså har vi Internasjonal kafè som har hatt ei styringsgruppe som står for arbeidet. Mange andre tek del. Dette er eit viktig arbeid for å få til gode møte mellom menneske med ulik bakgrunn og frå ulike land.

Så har vi dei mange som hjelper med å få gjennomført enkelt-tiltak t.d. torskemiddag, grillfest, kyrkjekaffi, ulike andre fellesskapstiltak. Dessutan har vi eit stort, godt diakonalt arbeid på Borg/Hatlehol.

Å ha gode medarbeidarar er ein føresetnad for å få det planlagte arbeidet gjort. Gode medarbeidarar set sitt preg på arbeidet. Dei skapar trivsel og tru på at det vi gjer saman har verdi og er viktig. Difor er den tida, kort eller lang, ein kan ta del i arbeidet i kyrkjelyden vår, verdfull. Igjen vil vi nemne dei mange medarbeidarane som står i arbeidet år etter år. Dei er ein stor rikdom for kyrkja!

Kvar enkelt medarbeidar er viktig på sin plass. Tusen takk for at de tek del!!!

Åsrun Håvik

Aud Romslo Schistad

# Årsmelding barn, unge og trusopplæring

## Årsmelding for barne- og ungdomsutvalet 2021

---

### **Barne- og ungdomsutvalet**

Utvalet har i 2020 bestått av:

Kathinka Røsberg Møller, kyrkjelydspedagog  
Hellen Hovland  
Monica Dalseth  
Audun Halsen  
Jens Kristian Iversen  
Lars Aspehaug

Utvalet har i 2020 hatt 4 møter. To på våren og to på hausten.

### ***Viktige saker for Barne- og ungdomsutvalet i 2021***

**Nytt permanent tiltak i trusopplæringa:** «Fredagsfilmen», som er for 8. klassingar, er no eit fullverdig tilbod i trusopplæringsarbeidet i Spjelkavik kyrkje.

**Klubbkveldane:** Barne- og ungdomsutvalet har jobba med å styrke foreldregruppa som er med som frivillige medarbeidarar. Utvalet finn stor verdi i trygge og gode vaksne som er saman med borna på klubbkveldane.

**Kontinuerleg arbeid:** Barne- og ungdomsutvalet er glad for at det er eit godt tilbod om kontinuerlege aktivitetar i Spjelkavik kyrkjelyd. Det er no tilbod om song for born i alderen 0-18 og tilbod om klubb i alderen 7-18+.

**Breddearbeid:** Barne- og ungdomsutvalet er glade for at det no er eit tilbod om ei årleg samling frå borna er 1 år til dei går i 8. klasse.

For meir informasjon, sjå vedlegget om det detaljerte arbeidet i trusopplæringa.

## Trusopplæringa

### Breiddetilbod:

Alder	Tilbod	Utdeling	Gudsteneste	Timar	Mål for tilbodet
0	Dåpssamling og dåp	Bilde med kveldsbøn, dåpslys ...	Dåp i gudsteneste	4	Informere foreldre og fadrar om innhaldet i dåpen, praktisk gjennomgang av dåpshandlinga og gi kjennskap til kyrkjelyden sitt trusopplæringstilbod.
0	Babysong		NEI	16	Godt samspel mellom foreldre og barn. Bygge nettverk. Motivere til trusopplæring i heimen. Lære enkle rim/regler, kveldsbøn og enkle barnesongar av ulikt slag.
1	1-årstreff	Foldebok: Julebarnet	NEI	2	Gi foreldra hjelp til trusopplæring i heimen og lære kristne barnesongar. Skape tilknytning til kyrkja si og lære om julebodskapen
2	2-årstreff	Foldebok: Noa	NEI	2	Gi barn og foreldre tilknytning til kyrkja, lære kristne barnesongar og høyre bibelfortelling frå GT. Rekruttere til kontinuerlig arbeid.
3	3-årstreff	Bok: Jona	NEI	2	Gi hjelp til trusopplæring i heimen - med fokus på song og formidling av bibelfortellingar.
4	Undretur	4-årsbok	JA	4	Bli kjend i kyrkja og få eit eigarforhold til si kyrkje Opplive fellesskap med andre barn og vaksne i kyrkja.
6	Påskeverkstad	Bok: Barabbas	NEI	2	Lære om kva som hende i påska med Jesus og om kristne påsketradisjonar.
7 1. kl.	1.-klassedag	6-årsbok: Tre i eit tre	JA	5	Kjenne seg verdifulle og unike, elska av Gud Opplive fellesskap med andre barn, ungdommar og vaksne i kyrkja. Få kjennskap til forvaltning av jordas ressursar.
8 2. kl.	2. klasseklubb		NEI	6	Lære bibelfortellingar. Opplive fellesskap i kyrkja med

					jamaldra. Rekruttere til LEGO-klubben i kyrkja.
9 3. kl.	Fisketur og skattejakt	Bok: Skatten i Liljedal	JA, hausttakkefest	5	Bli betre kjend med skaparverket. Lære om Guds omsorg og gåver til oss, og om naturen som gir oss føde.

Alder	Tilbod	Utdeling	Gudsteneste	Timar	Mål for tilbodet
10 4. kl.	Tårnagenthelg	Tårnagent- effekter	JA	8	La barna utforske kyrkja, klokketårnet og Bibelen. La barna utfordre seg sjølv, kyrkjelyden og nærmiljøet med oppdrag som startar i Bibelen sine forteljingar.
11 5. kl.	10-års dåpsfest	NT	JA	5	Lære om dåpen som fellesskap med kvarandre og i kyrkja, skape medvit om dåpen. Bli kjend med Bibelen (NT).
11 6. kl.	LysVaken	Salmebok	JA, 1. søndag i advent	10	La 6.-klassingane oppleve at kyrkja rommar alle - heile døgnet, heile livet. Å dele tradisjonar og verdiar. Opplive fellesskap med kvarandre og kyrkjelyden som gir glede og energi - heile døgnet, heile livet. Vere ein nyskapande kyrkjelyd som gir omsorg - heile døgnet, heile livet. Feire kyrkja sitt nyttår. Rekruttere til Aktivitetsklubben i kyrkja.
13	Junior- konfirmasjon		NEI	8	Opplive at kyrkja har plass til alle.
15 9. kl.	Konfirmasjon	Bibel	JA, fleire	60	Gi gode vekstvilkår for truslivet som vart gjeve i dåpen - hjelpe udøypte fram til dåp og kristen tru.
15 10. kl. (1. vgs)	MILK (Minilederkurs)		NEI	32	Styrke trua hos kursdeltakarane. Danne grunnlag for å vidareutvikle ein leiaridentitet Integrere fjorårskonfirmantar i kyrkjelyden sitt arbeid. Styrke eksisterande arbeid og bygge opp nytt ungdomsarbeid.

### Breiddetilbod, gjennomføring:

Alder	Tilbod	Gjennomført	Deltakere	Prosent deltaking	Personer i målgruppe	Kommentar oppslutning
0	Dåpssamling og dåp	Ja	185	97,37	190	174 til dåpssamling, tall fra servicekontoret.
0	Babysang	Ja	86	45,26	190	
1	1-årstreff	Ja	27	14,59	185	Noen bøker utdelt på småbarnssang i ettertid.
2	2-årstreff	Ja	31	20,13	154	Noen bøker utdelt på småbarnssang i ettertid.
3	3-årstreff	Ja	32	17,02	188	Noen bøker utdelt på småbarnssang i ettertid.
4	Undretur og utdeling av 4-årsbok	Ja	29	15,68	185	Noen bøker utdelt på småbarnssang i ettertid.
6	Påskeverkstad	Nei - avlyst pga korona			201	Påskeverksted for 5 åringer avlyst pga. strenge restriksjoner og nedstenging uka før påske.
7	1.-klassedag og utdeling av boka Tre i eit tre	Ja	28	13,73	204	Noen bøker utdelt på aspirantkor i ettertid.
8	2. klasseklubb	Ja	12	5,19	231	
9	Fisketur og skattejakt + hausttakkefest og bokutdeling	Ja	15	6,22	241	Noen bøker utdelt i aspirantkor og på legoklubb i ettertid.
10	Tårnagenthelg	Ja	32	13,85	231	
11	Dåpsfest for 5. klasse	Ja	34	14,98	227	Noen Nytestamente utdelt i barnekor og Legoklubb i ettertid.
11	Lysvaken	Ja	23	10,13	227	29 påmeldt, men 6 deltakere avmeldt samme dag pga av koronautbrudd på en barneskole.
13	Juniorkonfirmasjonen	Ja	24	10,08	238	
14	Fredagsfilmen (8. klasse)	Ja	5	2,19	228	
15	MILK	Nei - forsøkt gjennomført			237	8 "fjorårskonfirmanter" på konfirmantreunoin, men vi fikk ingen med videre på

		t, men ingen deltakere				MILK.
15	Konfirmasjon	Ja	198	83,54	237	Konfirmantåret 2020-2021

### **Andre tilbud:**

<b>Alder</b>	<b>Tiltaksnavn</b>	<b>Beskrivelse</b>	<b>Ansvarlig</b>
0-12	Søndagsskolen Spjelkavik	Styrke barnas tro og hjelpe dem til å følge Jesus.	Søndagskoleledere, kyrkjelydspedagog.
0-12	Søndagsskolen Hatlehol	Styrke barnas tro og hjelpe dem til å følge Jesus.	Søndagskoleledere
0-50	Familiemiddag	Fellesskap og tilknytning til kyrkja	Kyrkjelydspedagog, kapellan, frivillige
0-100	Julefest for store og små	«Heilage tre kongar»	Staben v/ kateket, kyrkjelydspedagog og kapellan
1-2	Mini-Cantus	Vidareføre barna inn i eit trygt kormiljø med fokus på sangleik.	Kyrkjelydspedagog
3-5	Cantus Vialis	Vidareføre småbarnsanggruppe og invitere nye inn i kyrkja.	Kyrkjelydspedagog
6-6	Aspirantkor	Opplæring i å være med i barnekor	Kyrkjelydspedagog
7-18	Barne- og ungdomskantoret		Kantor og dirigent sammen med korstyre
8-11	LEGO-klubben	Fellesskap og tilknytning til kyrkja, bibelfortelling.	Foreldre - koordineres av tilsett
12-14	Aktivitetsklubben	Skape eit rusfritt og kristent miljø for tenåringer. Andakt	Foreldre og tilsette
15-18	Filmklubben	Gjennom film og filmkunnskap lære om vår kristne tru og livet i møte med samfunnet.	Kapellan

### **Andre tilbud, gjennomføring:**

<b>Alder</b>	<b>Tiltaksnavn</b>	<b>Antall samlinger</b>	<b>Snitt oppmøte</b>	<b>Unike deltakarar</b>	<b>Kommentar oppslutning</b>
0-12	Søndagsskolen Spjelkavik	2	5	10	Kun 2 samlinger i 2021 pga. restriksjoner og nedstenginger.
0-12	Søndagsskolen Hatlehol	7	5	15	anslått tall
0-50	Familiemiddag	8	15	31	I tillegg kommer foreldre. Ingen familiemiddager våren 2021 pga

					coronarstriskjoner!
0-100	Julefest for store og små	0			Avlyst pga. korona
1-2	Mini-Cantus	31	40	57	Antall samlinger høyere enn året før, har vi talt på annen måte?
3-5	Cantus Vialis	31	40	57	Se forrige kommentar...
6-6	Aspirantkor	45	28	36	Se forrige kommentar...
7-18	Barne- og ungdomskantoret	53	22	35	Se forrige kommentar...
8-11	LEGO-klubben	9	8	22	
12-14	Aktivitetsklubben	8	9	23	
15-18	Filmklubben	7	5	17	

## Fagleg utvikling

Deltaking på enkelte fagdagar.

## Barnehage/skulesamarbeid:

Dei fleste barnehagane deltek på gudsteneste i Spjelkavik kyrkje, på Blindheim bedehus eller på Emblem bedehus før jul. Nokre tilpassingar i forhold til smittevern dette året. Nokre barnehagar får besøk frå kyrkja med påskefortelling på avdelingane før påske.

Dei fleste skulegudstenestene jula 2021 vart avlyst pga. koronarestriksjonar.

Vi har desse tilboda til skulane:

- Kyrkjebesøk tilpassa 3. klasse (eventuelt 4. klasse) på barneskulen.
- Forestillinga «Fortellinga om F» for 5. klasse (arr.: kulturutvalet i Spjelkavik kyrkjelyd)
- Kurset «Vandring gjennom Bibelen» for 6. klasse på barneskulen.
- Vi har også hatt besøk av klasser frå vidaregåande skule.

## Konfirmantarbeidet

247 invitasjoner sendt ut.

199 påmeldte, 1 påmeldt sluttet i løpet av året.

198 gjennomførte:

- ingen av disse hadde konfirmasjon et annet sted.

- 3 av disse hadde ekstern undervisning

<b>Konfirmantarbeidet våren 2021</b>		
Konfirmantar per 1. jan. 2021	198	15 Grupper
Sluttet i løpet av våren	0	
Til konfirmasjon	198	
Konfirmerte i Spjelkavik kyrkjelyd	198	Fordelt på 7 gudstjenester vår og 11 gudstjenester haust, pga. korona
Konfirmerte i annan kyrkjelyd	0	
<b>Konfirmantarbeidet hausten 2021</b>		
Registrerte per 1. sept. 2021	186	
Registrert etter 1. sept. 2021	4	
Sluttet i løpet av hausten	0	
Konfirmantar per 31. desember 2021	190	

<b>Konfirmantopplegget hausten 2021</b>		
Type	Grupper	Konfirmantar
AKTIV (nett)	0	2
TUR (nett)	1	10
KLATRE (nett)	2	18
KYRKJE	4	58
LEIR	6	95
KonFu/TenTro	0	4
Tilpassa opplegg	0	3
<b>SUM</b>	<b>13</b>	<b>190</b>

# ÅRSRAPPORT 2021

## Aktivitetar:

<b>Kyrkjelydsutvalet for Hatlehol</b>	
<b>Leiar: Lovise Sømme Strand</b>	
<b>Adr:</b> Syvermarka 31	<b>Postnr/Poststad</b> 6012 Ålesund
<b>Tlf./mob:</b> 92603570	<b>E-mail :</b>
<b>Medlemer:</b>	lovise.strand@gmail.com
Kjell Egil Hanken	
Barbro Godø Thomassen	
Erik Schistad Staff	
Anders Barstad	

## Nøkkeltall:

<b>Medlemstal:</b>	5
<b>Styremøter:</b>	3
<b>Arrangement/turar</b>	0

## Dette gleder oss siste år:

- **Strategiarbeidet:** Strategiarbeidet blei oppstarta hausten 2021. Det blei gjennomført 3 kyrkjelydsmøter, 2 visjons- og verdiverkstader, samt eit komitéarbeid knytt til visjon. Arbeidet blei fullført frå kyrkjelydsutvalet si side i starten av mars, ein måned forseinka som følgje av korona.
- **Kyrkjetenar.** Jan Kjetil Vinnes fungerer godt som kyrkjetenar. Vi er glad for at han har tatt stafettspinnen.
- **Gudstenestene:** Grunna korona har det vore variabelt med både gudstenester og kor mange som har fått lov til å kome kvar gang. Det som er gledeleg er at dei frivillige har stått trufaste i tenesta, og ønska å gjennomføre så langt som råd har vore.
- **Ny liturgi:** I løpet av året jobba vi med val av ny liturgi. Den er no godkjent og inarbeidd.
- **Konfirmantar:** Vi har også i 2021/22 nokre Hatlehol-konfirmantar. Desse er færre enn året før, ettersom vi i 2021 hadde tilbud om å vere leir-konfirmant. Arbeidet er verdt å bygge vidare på.
- **Basaren.** Basaren vart i 2021 gjennomført som eit 'Heime på Hatlehol' – arrangement med gudsteneste. Det var særleg god stemning, og oppmøtet var godt i høve til max-grensa på 100. Vi hadde utlodding på bøker, sal av m.a. kyrkjesild og eigen, eksklusiv, gjenbruksbutikk. Resultatet vart godt, korona tatt i betraktning, med kr ???,??? som er meir/mindre enn i fjor.
- **Finans- og plankomité for Hatlehol kyrkje** er ein eigen komité satt ned av fellesrådet. Den hadde stor aktivitet i fjor, særleg knytta til finansiering av kyrkja. I den forbindelse vart det satt ned ein eigen komité, som arbeidde med utarbeiding av presentasjonsmateriell og hadde møte med fleire politiske parti i samband med kommuna sitt budsjettarbeid.

## Dette er vår utfordring komande år:

- Den største utfordringa er å få vedtatt og implementert strategien utarbeidd av kyrkjelyden. Den vil gi føringar for arbeidet framover. Av det vi ser for oss å prioritere i år er:
  - Rekruttering til gudstenestegrupper.
  - Strukturering av arbeidet.

- Oppstart med familiekvelder.
- Oppstart av tilbud om kristen meditasjon.
- Basar vidareførast.
- Revitalisering av søndagsskule og bibelgjeng etter korona.
- Medarbeidarfest for frivillige på Hatlehol.
- Rekruttering av lydfolk blant ungdommane i kyrkjelyden.
- At barn som høyrer til kyrkjelyden, møter på gudsteneste på Hatlehol i samband med trusopplæringstiltak.
- Ei konfirmantgruppe har undervisning og høyrer til gudstenestene på Hatlehol.
- Opprette eiga ressursgruppe for barne- og ungdomsarbeidet.
- Diskusjon om allokering av stabsressursar til 'dagtiltak' på Hatlehol.

Som kjent blei ikkje kyrkja prioritert i kommuna sitt budsjett for 2022, og står i dag på økonomiplanen for kommuna for 2024. Det er neste valperiode, og dagens avtalar mellom dei styrande partia gjeld ikkje lengre. Kyrkjelyden ønsker å vere framoverlent i høve til denne oppgåva, og vil arbeide slik:

- Oppstart av arbeid med å skaffe enkelt, midlertidig lokale til kvardagsaktivitetar.
- Fortsette arbeidet med å få bygd teneleg kyrkje for Hatlehol.

### Dato, namn

3.3.2022 Anders Barstad

## ÅRSRAPPORT 2021

<b>Namn på gruppe: Misjonsutvalget</b>	
<b>Hovudleiar: Bjørn Ødegaard</b>	
<b>Adr: Skylehamaren 17</b>	<b>Postnr/Poststad 6013 Ålesund</b>
<b>Tlf./mob: 47016601</b>	<b>E-mail : odegardbjorn@hotmail.com</b>
<b>Styre el andre leiarar:</b>	
<b>Namn:</b>	
Ingrid Edland Leine,	
Jon Inge Lervåg	
Knut Bjune, vår 2021	
Sølvi Ulvestad, haust 2021	

### Nøkkeltall:

<b>Medlemstal:</b>	4
<b>Styremøter:</b>	2
<b>Ordinære møter</b>	
<b>Arrangement/turar</b>	0

### Dette gleder oss siste år / aktiviteter:

Spjelkavik sokneråd har **to misjonsavtaler:**

- **Det Norske Misjonsselskap: *Midt-Austen*.**

Støtte til programproduksjonen til SAT-7 og subsidiert bibelsal og distribusjon

○ **Himalpartner: Foreldrevegleiing og utvikling av skulemateriell.**

Styrke innhaldet i nepali skular og barnehagar slik at barn kan utvikle fleire ressursar. Arbeide med gode haldningar mellom vaksne og leiarar i landsbyane, så borna får naturleg støtte og oppmuntring til læring og utforsking . Hjelpe til med å utvikle nye barnebøker som kan skape større leselyst, så færre veks opp som analfabetar.

**Misjonsdager:**

- **Misjonsdag for NMS** på Hatlehol 25.januar, digital innspelt gudsteneste med besøk av Erika Lynn Solli, NSMU og Bjørn Ødegård, Himalpartner
- **Misjonsdag for Himalpartner**, Spjelkavik 14. november. Bjørn Ødegaard hadde misjonsinformasjon og viste film frå gjenoppbygging av skoler. Sal av varer frå Nepal. Misjonsutvalet sto for kyrjekaffe.

**Arrangement:**

- **Misjonsdag for konfirmanter** lørdag 24. januar kunne ikkje gjennomførast pga covid19-nedstenging. Konfirmantane såg digital misjongsudsteneste og fekk digitale oppgåver knytt til misjonsprosjekta våre.

**Viktige saker**

- Gjennomføring av misjonsdager og aksjonen «Saman som Kyrkje i verda»

**Dette er vår utfordring komande år:**

- Synliggjøring av misjon i gudstjenestene og digital.

**Dato, namn**

**28. februar, Sølvi Ulvestad**

## Årsrapport Kulturutvalget i Spjelkavik kyrkjelyd

Medlemmer: Ane Rypdal, Ketil Hjelset, Magni Sæter Stavseng, Øyvind Hildre, Bjarte Aksnes, Trude Løvoll Ødegaard

Utvalget har gjennomført møter gjennom 2021 ved behov.

Det har vært et år preget av korona som også har vært utfordrende for konserter og kultur.

Utvalget er glad for at Kulturdagane i 2021 kunne gjennomføres, året før måtte dagene avbrytes midt i pga nye smittevernsregler.

Ved årsskiftet takker Ketil Hjelset for seg i utvalget etter å ha vært med i ei årrekke og vært en viktig bidragsyter. Takk for innsatsen Ketil!

### **Disse konsertene var utvalget ansvarlig for i 2021:**

Engegårdskvartetten og Ann Helen Moen 28. august.

Klangturne med Edvard Hoem og Henning Sommero 27. september.

### **Kulturdagane:**

Helgemesse 7. november.

Naturen syng med Håvard Sveås og Øyvind Sunde 9. november.

Herborg Kråkevik / Tove Kragset 11. november.

Ssentrio 12. november.

Faurés Requiem 14. november.

Stille natt 28. november.

# Spjelkavik sokns årsregnskap 2021

Kontonr	Tekst	Hittil i år	Hittil i fjor
<b>Inntekter</b>			
6100	Betaling fra deltakere	458 755,01	185 150,08
6200	Salg av varer og tj, geb, utenf a.omr	14 074,02	32 270,00
6210	Inntekter akt.arr.kollekter	172 142,38	110 238,14
6220	Salgsinntekter avg.fritt	689,50	0,00
6230	Annonseinntekter	40 000,00	40 000,00
6300	Husleieinntekter, utleie	39 000,00	75 688,00
	<b>Brukerbetalinger, salg, avg., leieinnt</b>	<b>724 660,91</b>	<b>443 346,22</b>
7000	Refusjon fra staten/statlige inst	0,00	2 695,65
7300	Refusjon fra kommunen/komm.inst	25 117,40	0,00
7400	Refusjon fra fellesråd	26 896,00	118 094,20
7700	Refusjon fra andre	10 926,64	19 115,00
	<b>Refusjoner/overføringer</b>	<b>62 940,04</b>	<b>139 904,85</b>
7290	Komp. for mva anskaffelser - dr.regn	125 820,20	143 239,03
	<b>MVA-kompensasjon</b>	<b>125 820,20</b>	<b>143 239,03</b>
8000	Tilskudd fra staten/statlige inst	190 150,00	131 000,00
8020	Frifondstøtte	45 816,00	115 808,00
	<b>Statlige tilskudd</b>	<b>235 966,00</b>	<b>246 808,00</b>
8400	Tilskudd fra fellesråd	153 747,73	108 000,00
	<b>Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd</b>	<b>153 747,73</b>	<b>108 000,00</b>
8600	Offer/innsamlet til egen virksomhet	127 754,07	184 621,25
8650	Offer/innsamlet til annen virksomhet	188 767,87	163 385,50
8700	Tilskudd/gaver fra andre	73 721,00	99 067,16
8710	Giverteneste	106 537,00	96 055,00
8740	Andre Inntekter	1 427,82	2 355,00
	<b>Andre tilskudd, gaver, inns. midler</b>	<b>498 207,76</b>	<b>545 483,91</b>
	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 801 342,64</b>	<b>1 626 782,01</b>
<b>Utgifter</b>			
0100	Fast lønn	0,00	0,00
0200	Lønn til vikarer	-3 000,00	-5 000,00
0900	Pensjonsinnskudd og trekkpliktige forsik	-15 677,00	-10 100,00
	<b>Lønn og sosiale utgifter</b>	<b>-18 677,00</b>	<b>-15 100,00</b>
1000	Kontormateriell	-23 858,20	-43 291,92
1100	Aktivitetsbasert forbruksmaterieill	-388 096,49	-348 618,04
1200	Annet forbruksmaterieill	-270,83	-10,41
1300	Porto,Banktjemester, Telefon	-22 054,32	-28 022,04
1400	Annonse, reklame, informasjon	-75 057,82	-67 450,28
1450	Informasjonsarbeid	-67 690,45	-59 049,60
1500	Opplæring og kurs, ikke oppg.pl.	-8 337,00	-6 369,98
1510	Stabsutvikling	-3 358,62	-3 735,00
1900	Leie av lokaler og grunn	-160 557,87	-2 000,00
1950	Avgifter, gebyrer, lisenser o.l.	-30 829,42	-16 910,67
2000	Inventar og utstyr	-54 538,80	-302 443,27
2702	Musikertjenester	-350 355,96	-264 485,13
2703	Lyd,lys, scene-tjenester	-21 898,00	-63 687,60
2704	Andre kulturtjenester	-3 700,00	-21 891,07
	<b>Kjøp av varer og tjenester</b>	<b>-1 210 603,78</b>	<b>-1 227 965,01</b>
3000	Refusjon til staten/statlige inst	0,00	0,00

Kontonr	Tekst	Hittil i år	Hittil i fjór
3400	Refusjon til fellesråd	-11 450,00	-71 397,73
3700	Refusjoner til andre	-705,17	-23 612,68
	<b>Refusjoner/overføringer</b>	<b>-12 155,17</b>	<b>-95 010,41</b>
4700	Tilskudd/gaver til andre	-7 350,00	0,00
4650	Overf av ofringer/innsaml. midl	-188 767,87	-163 385,00
4660	Overf.av andre innsamla midler	0,00	0,00
	<b>Tilskudd og gaver</b>	<b>-196 117,87</b>	<b>-163 385,00</b>
4290	Merverdiavgift på vederlag	-125 820,16	-143 238,99
	<b>MVA-kompensasjon</b>	<b>-125 820,16</b>	<b>-143 238,99</b>
	<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>-1 563 373,98</b>	<b>-1 644 699,41</b>
	<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>237 968,66</b>	<b>-17 917,40</b>
9000	Renteinntekter	3 405,43	16 591,02
	<b>Renteinntekter og utbytte</b>	<b>3 405,43</b>	<b>16 591,02</b>
	<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>3 405,43</b>	<b>16 591,02</b>
5900	Avskrivninger	0,00	-79 100,00
	<b>Avskrivninger</b>	<b>0,00</b>	<b>-79 100,00</b>
9900	Motpost avskrivninger	0,00	79 100,00
	<b>Motpost avskrivninger</b>	<b>0,00</b>	<b>79 100,00</b>
	<b>Netto driftsresultat</b>	<b>241 374,09</b>	<b>-1 326,38</b>
	<b>Interne finansieringstransaksjoner:</b>		
9300	Bruk av tidligere års regnskapsmessige m	0,00	142 744,85
9400	Bruk av ubundne fond	0,00	91 354,22
9500	Bruk av bundne fond	0,00	14 565,00
	<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>0,00</b>	<b>248 664,07</b>
5300	Dekning av tidl. års regnskapsm. merforb	0,00	-91 354,22
5400	Avsetninger til ubundne fond	0,00	-36 390,63
5500	Avsetninger til bundne fond	0,00	-15 000,00
	<b>Sum avsetninger</b>	<b>0,00</b>	<b>-142 744,85</b>
	<b>Regnsk.m. merforbr. (-)/mindreforbr. (+)</b>	<b>241 374,09</b>	<b>104 592,84</b>

Kontonr	Tekst	Hittil i år	Hittil i fjór
<b>Inntekter</b>			
6210	Inntekter akt.arr.kollekter	64 803,10	96 450,00
	<b>Brukerbetalingar, salg, avg., leieinnt</b>	64 803,10	96 450,00
8700	Tilskudd/gaver fra andre	34 111,48	6 800,00
8710	Giverteneste	65 900,00	75 620,00
	<b>Andre tilskudd, gaver, inns. midler</b>	100 011,48	82 420,00
	<b>Sum driftsinntekter</b>	<u>164 814,58</u>	<u>178 870,00</u>
<b>Utgifter</b>			
	<b>Brutto driftsresultat</b>	164 814,58	178 870,00
9000	Renteinntekter	42 218,00	204 431,98
	<b>Renteinntekter og utbytte</b>	42 218,00	204 431,98
	<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<u>42 218,00</u>	<u>204 431,98</u>
	<b>Netto driftsresultat</b>	207 032,58	383 301,98
<b>Interne finansieringstransaksjoner:</b>			
5500	Avsetninger til bundne fond	-207 032,58	-383 301,98
	<b>Sum avsetninger</b>	<u>-207 032,58</u>	<u>-383 301,98</u>
	<b>Regnsk.m. merforbr. (-)/mindreforbr. (+)</b>	<u>0,00</u>	<u>0,00</u>

Kontonr	Tekst	Inngående balanse	Denne periode	Hittil i år
<b>Eiendeler</b>				
<i>Anleggsmidler</i>				
22700100	Utsmykning	730 239,00	0,00	730 239,00
22700200	Glassmaleri	3 350 221,00	0,00	3 350 221,00
22700300	Kyrkjeorgel	983 000,00	0,00	983 000,00
22410100	Petrof Flygel	66 600,00	0,00	66 600,00
22410200	Lydanlegg	63 000,00	0,00	63 000,00
22410300	Nærmiljøanlegg	258 000,00	0,00	258 000,00
22410400	Oppussing kjøkken	192 000,00	0,00	192 000,00
22100000	Aksjer og andeler	1 369,00	0,00	1 369,00
<b>Sum Anleggsmidler</b>		<b>5 644 429,00</b>	<b>0,00</b>	<b>5 644 429,00</b>
<i>Omløpsmidler</i>				
21300000	Kortsiktige fordringer	203 330,23	-121 394,31	81 935,92
21300001	Kundefordringer	54 970,85	-54 970,85	0,00
21310000	Kortsiktig fordring Stat	143 239,03	-17 420,03	125 819,00
	Kortsiktige fordringer	401 540,11	-193 785,19	207 754,92
21000000	Kassa	10 806,00	7 905,00	18 711,00
21015000	Bank 3900.33.07577	517 242,20	298 714,86	815 957,06
21015020	Bank 3910.19.58233	38 764,51	-38 764,51	0,00
21015040	Bank 3900 20 48624	208 234,31	631,70	208 866,01
21015050	Bank 3900 20 55329	56 918,00	3 600,00	60 518,00
21030000	Bank 3900 51 08911 Kirkering 1 Hatlehol	14 653,70	2 032,00	16 685,70
21030010	Bank 3910 17 26073	150 882,09	6 658,00	157 540,09
21030030	Bank 3910 31 55375 Giverkonto Hatlehol	155 590,31	92 213,48	247 803,79
21030060	Bank 3910 38 28531 KRIK	1,00	-1,00	0,00
21030080	Bank 3910.68.22879 Høyrentekonto	10 985 100,00	226 526,98	11 211 626,98
	Kasse, postgiro, bankinnskudd	12 138 192,12	599 516,51	12 737 708,63
<b>Sum Omløpsmidler</b>		<b>12 539 732,23</b>	<b>405 731,32</b>	<b>12 945 463,55</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>18 184 161,23</b>	<b>405 731,32</b>	<b>18 589 892,55</b>

**Egenkapital og gjeld**

<i>Egenkapital</i>				
25600020	Disp.midl.Menighetsr.	691 937,90	0,00	691 937,90
25100001	Diakonattmidler, bundent driftsfond	194 994,58	0,00	194 994,58
25100008	Utsmykking kyrkjerommet, Bundne fond	15 000,00	0,00	15 000,00
25500020	Bundne fond Hatlehol kyrkje	11 407 526,70	207 032,58	11 614 559,28
25950000	Regnskapsmessig mindreforbruk siste år	104 592,84	0,00	104 592,84
25990001	IB Kapitalkonto	5 644 429,00	0,00	5 644 429,00
	Kapitalkonto	5 644 429,00	0,00	5 644 429,00
	Overført fra resultat	0,00	256 374,09	256 374,09
<b>Sum Egenkapital</b>		<b>18 058 481,02</b>	<b>463 406,67</b>	<b>18 521 887,69</b>

**Gjeld**

Kontonr	Tekst	Inngående balanse	Denne periode	Hittil i år
<b><i>Langsiktig gjeld</i></b>				
<b><i>Kortsiktig gjeld</i></b>				
23200000	Annen kortsiktig gjeld	0,00	35 898,12	35 898,12
23200001	Leverandørgjeld	125 680,21	-93 573,47	32 106,74
23275010	Avsett feriepenger	0,00	0,00	0,00
	<b><i>Sum kortsiktig gjeld</i></b>	125 680,21	-57 675,35	68 004,86
	<b><i>Sum gjeld</i></b>	125 680,21	-57 675,35	68 004,86
	<b><i>Sum egenkapital og gjeld</i></b>	<u>18 184 161,23</u>	<u>405 731,32</u>	<u>18 589 892,55</u>